



Festidalen-syklar i båthamna. Saima Kristine L. Døssland(f.v.), Ella Karina Hjørnevåg og Sol Tørå Arntsen.

I dag kom det på plass 4 sykklar og 1 sparkesykkel som er til utlån for gjester i båthamna. Prosjektet er eit samarbeid mellom Festidalen og Uskedal båtlag der båtlaget har kosta sykkelstativet. Det er Janne og Johannes Hjørnevåg som har gjort det praktiske arbeidet saman med borna.

Syklane har dei fått frå eigarar der dei har vorte til overs. Deretter har dei reparert, skifta deler og lakkert. Fargen på alle er blitt svart, og i dag vart dei skinande syklane plassert i sykkelstativet i båthamna. Kjenneteiknet på dei er Festidalen-klistremerke i tillegg til den blanke svartfargen.

- Vi har måtta skifta ein del deler som slangar og anna, og det har vorte sponsa av Sport1-butikkane på Husnes og i Rosendal. Det er vi svært takksame for, seier Johannes like etter syklane er plassert i sykkelstativet.

På plakaten ved syklane står følgjande:

SYKLAR TIL LÅNS I BÅTHAMNA!

Ta deg ein sykkeltur i den vakre bygda vår.

Hugs å setje den fint på plass til glede for neste syklist.

#rock#fjell #kjærleik

Vi vil tru mange vil få stor glede av syklane som er av ulik storleik, og såleis kan passa godt for familieturar. Vi trur folk vil vera flinke å setja dei på plass, og skulle vi finna ein Festidalen-sykkel på avveggar så veit vi kor den høyrer heime.



Først må sykkelen spylast og vaskast.



Johannes og Ella Karina klar til å gå i gang.



Ella Karina sprayar det skinande svart!



William har draget på spraylakkinga.



Saima set på klistremerke.



Jentene, Sol, Ella Karina og Saima Kristine, er fornøyd med at syklane er klare til glede for mange.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Johannes og Janne Hjørnevåg.